

KARANTENENEMNDA

Årsmelding 2025

Til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD)

Karantenenemnda, oppretta ved kongeleg resolusjon 7. oktober 2005,
14. mai 2014, 17. april 2015 og 27. april 2018

gir med dette årsmelding for 2025.

Oslo, 8. april 2026

Sylvia Brustad (sign.)
leiar

Gunnar Hæreid (sign.)
nestleiar

Ragna Aarli (sign.)

Bernt Jørgen Stray (sign.)

Steinulf Tungesvik (sign.)

INNHALD

| | | |
|-----|---|----|
| 1 | Karantenenemnda..... | 1 |
| 2 | Samansetjing av nemnda i 2025..... | 1 |
| 3 | Karantnelova..... | 3 |
| 3.1 | Formålet med karantnelova..... | 3 |
| 3.2 | Verkeområde..... | 3 |
| 3.3 | Karantene og saksforbod..... | 4 |
| 3.4 | Informasjonsplikt..... | 4 |
| 3.5 | Sakshandsaming..... | 5 |
| 3.6 | Godtgjering..... | 6 |
| 3.7 | Brot på karantnelova..... | 6 |
| 4 | Saker i 2025..... | 8 |
| 4.1 | Oversikt..... | 8 |
| 4.2 | Omtale av saker i 2025..... | 9 |
| 4.3 | Om arbeidet i Karantenenemnda..... | 9 |
| 5 | Vurderingar frå Karantenenemnda..... | 10 |
| 5.1 | Informasjonsplikt..... | 10 |
| 5.2 | Godtgjering..... | 10 |
| 5.3 | Saksforbod..... | 11 |
| 5.4 | Frist for å gjere ny vurdering..... | 11 |
| 6 | Økonomiske og administrative forhold..... | 12 |
| 7 | Innsyn og openheit..... | 13 |

1 Karantenenemnda

Karantenenemnda er eit uavhengig forvaltningsorgan som gjer vedtak om karantene og saksforbud for regjeringspolitikarar som skal tiltre stilling eller verv utanfor statsforvaltninga, eller som etablerer eiga verksemd, sjå [karanteneleva](#)¹ § 4.

Føresegnene om oppnemning til og samansetjing av nemnda går fram av karanteneleva § 4 og i § 5 i [forskrifta til karanteneleva](#)².

Nemnda skal vere samansett av fem medlemar. Minst to av medlemane skal ha vore statsråd, statssekretær eller politisk rådgivar. Minst to av medlemane skal ha juridisk embetseksamen eller master i rettsvitenskap. Medlemane blir oppnemnde for ein periode på fire år. Dei kan bli oppnemnde éin gong til for ein ny periode på fire år. Dersom ein medlem fråtrer før perioden er over, blir det oppnemnt ein ny medlem for resten av perioden.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) oppnemner medlemar til Karantenenemnda.³

Karantenenemnda gir kvart år årsmelding til DFD.

Informasjon om Karantenenemnda, årsmeldingar og vedtak frå nemnda er tilgjengelege på regjeringen.no/DFD.

2 Samansetjing av nemnda i 2025

Leiar

Sylvia Brustad, Hamar,

oppnemnt som leiar i fire år frå 1. mai 2023 til og med 30. april 2027.

Ho har vore stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet og statsråd i fleire departement (Barne- og familiedepartementet (1996-1997), Kommunal- og regionaldepartementet (2000-2001), Helse- og omsorgsdepartementet (2005-2008) og Nærings- og handelsdepartementet (2008-2009).

No er ho styreleiar, styremedlem og dagleg leiar.

¹ Lov 16. juni 2017 nr. 67 om informasjonsplikt, karantene og saksforbud for politikere, embetsmenn og statsansatte (karanteneleva).

² Forskrift 2. desember 2015 nr. 1308 til lov om informasjonsplikt, karantene og saksforbud for politikere, embetsmenn og statsansatte.

³ [Kongeleg resolusjon av 28. januar 2000 om delegering av fullmakt til vedkommende departement til å foreta senere oppnevnelser og til å løse medlemmene av kongelig oppnevnte utvalg mv.](#)

Nestleiar

Gunnar Hæreid, Sogndal,

oppnemnt for fire år frå 1. mai 2022 til og med 30. april 2026.

Hæreid har tidlegare vore assisterande statsforvaltar i Sogn og Fjordane (2011–2019). Han har òg vore dommarfullmektig i Indre Sogn tingrett, konstituert lagdommar i Hålogaland lagmannsrett, sakshandsamar hjå Sivilombudsmannen og advokat hjå Regjeringsadvokaten.

Han er no assisterande statsforvaltar i Vestland.

Medlemmer

Steinulf Tungesvik, Bergen,

oppnemnt på ny for fire år frå 1. november 2022 tom. 31. oktober 2026.

Han har vore politisk rådgivar og seinare og statssekretær i Sosial- og helsedepartementet i tida frå 1997 til 2000. Han var òg statssekretær i Samferdselsdepartementet frå 2005 til 2008 og i 2012. Han har vore vararepresentant på Stortinget for Hordaland senterparti frå 2009 til 2013.

Han er no advokat og partner i advokatfellesskapet Riisøen Nygaard Tungesvik.

Bernt Jørgen Stray, Kristiansand,

oppnemnt på ny for fire år frå 1. mai 2023 til og med 30. april 2027.

Han var politisk rådgivar i Næringsdepartementet i 2004 (Høgre). Han er utdanna jurist og er no direktør for næring og Nav i Kristiansand kommune.

Tidligere var han direktør for Samhandling og innovasjon i Kristiansand kommune. Han har òg vore leiar av kommuneadvokatkontoret i Kristiansand kommune (2019–2021), vore personal- og organisasjonsdirektør ved Universitetet i Agder, advokat i Norsk Industri og NHO Mat og Drikke, og advokatfullmektig i Virke.

Ragna Aarli, Bergen,

oppnemnt for fire år frå 1. mai 2022 til og med 30. april 2026.

Ragna Aarli er utdanna medievtar og jurist. Ho er professor i rettsvitskap og leiar for forskargruppa for rettsstat og rettsteori ved Det juridiske fakultet ved Universitetet i Bergen. Ho er òg leiar av Partilovnemnda.

3 Karantenelova

Karantenelova trådte i kraft 1. januar 2016. Lova erstatta då gjeldande retningslinjer⁴ om same tema. DFD har ansvaret for forvaltninga av karantenelova.

Stortinget har i 2025 gjort vedtak om endringar i karantenelova.⁵ Endringane trådte i kraft 1. juli og gjeld føresegnene om saksforbod, informasjonsplikta for politikarar, godtgjering for politikar som er ilagde karantene, og reaksjonar ved brot på karantenelova eller vedtak med heimel i lova. Ei ny formålsføresegn er òg teken inn i lova.

3.1 Formålet med karantenelova

Formålet med karantenelova er å bidra til å fremje den alminnelege tilliten til forvaltninga og det politiske systemet ved overgangar som er omfatta av lova. Dette går fram av den nye formålsføresegna i lova i § 1 a:

§ 1 a. Lovens formål

Loven skal bidra til å fremme den alminnelige tilliten til forvaltningen og det politiske systemet ved overganger som omfattes av loven, ved å:

- a. motvirke at noen får særlige konkurransefordeler
- b. beskytte intern informasjon i statsforvaltningen
- c. beskytte andre virksomheters forretningsinformasjon som statsforvaltningen har fått tilgang til
- d. medvirke til å opprettholde skillet mellom politisk ledelse og embetsverk

Lova skal mellom anna motverke at nokon får særlege konkurransefordelar, verne intern informasjon i statsforvaltninga og forretningsinformasjon i andre verksemdar som statsforvaltninga har fått tilgang til.

3.2 Verkeområde

Kven lova gjeld for og kva for overgangar som er omfatta, går fram av § 1:

§ 1. Hva loven omfatter

Loven omfatter politikere som skal tiltre embete eller stilling i departementene eller stilling eller verv utenfor statsforvaltningen, eller som etablerer næringsvirksomhet. Statsministerens kontor regnes som departement etter loven her.

Loven omfatter embetsmenn og statsansatte som går over til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen, eller som etablerer næringsvirksomhet.

⁴ Retningslinjer om informasjonsplikt, karantene og saksforbod for politikarar ved overgang til ny stilling mv. utanfor statsforvaltninga. Retningslinjene vart fastsette 29. september 2005, gjeldande frå 17. oktober 2005 og reviderte 4. september 2007.

⁵ [Lovvedtak 31 \(2024-2025\)](#), jf. [Innst. 106 L \(2024-2025\)](#) og [Prop. 95 L \(2023-2024\)](#).

Loven omfatter ikke overgang til partipolitisk arbeid eller politiske verv i Stortinget, kommuner og fylkeskommuner

Karantnelova § 2 definerer «politiker og politisk stilling» som noverande eller tidlegare medlemmer av regjeringa, statssekretærar og politiske rådgivarar. Statsrådar og statssekretærar er embetsmenn som er utnemnde av Kongen i statsråd, medan politiske rådgivarar er tilsette av Statsministerens kontor.

3.3 Karantene og saksforbod

Vilkåra for å ileggje karantene og saksforbod går fram av karantnelova §§ 6 og 7:

§ 6. Karantene

Karantenenemnda kan, ved overgang til stilling eller verv utenfor statsforvaltningen eller etablering av næringsvirksomhet, i særlege tilfeller ilegge en politiker karantene i inntil seks måneder etter fratreden når

- a. det foreligger en konkret forbindelse mellom politikeren tidligere ansvarsområder, arbeidsoppgaver i den politiske stillingen eller bestemte saker som var til behandling i departementet i politikeren funksjonstid, og interessene til den virksomheten politikeren blir tilknyttet eller etablerer, eller
- b. politikeren tidligere ansvar og arbeidsoppgaver har gitt eller kan gi virksomheten politikeren blir tilknyttet eller etablerer særlege fordeler, eller
- c. overgangen på annen måte kan være egnet til å svekke tilliten til forvaltningen generelt.

§ 7. Saksforbud

Karantenenemnda kan i særlege tilfeller, dersom ett eller flere av vilkårene i § 6 er oppfylt, ilegge en politiker saksforbud i inntil tolv måneder etter fratreden. Saksforbud kan ilegges i stedet for eller i tillegg til karantene.

Dersom det foreligger særlig tungtveiende grunner, kan det ilegges saksforbud i inntil 18 måneder etter fratreden.

Karantenenemnda kan i «særlege tilfeller» ileggje ein politiker karantene eller saksforbod når eit eller fleire av vilkåra i § 6 bokstav a til c er oppfylt. Vilkåret om at det skal liggje føre eit særleg tilfelle, inneber at karantene og saksforbod berre skal nyttast i unntakstilfelle.

3.4 Informasjonsplikt

Informasjonsplikta inneber at politikarar skal gi opplysningar til nemnda når dei innan 18 månader etter avslutta politisk verv går over til stilling eller verv utanfor statsforvaltninga eller etablerer eiga verksemd, sjå karantnelova § 5.

Med verknad frå 1. juli 2025 er informasjonsplikta for politikarar utvida på to punkt. For det første er perioden etter avslutta politisk verv utvida frå tolv til 18 månader. For det andre

omfattar plikta òg at politikarar skal gi opplysningar til nemnda dersom det i same periode skjer endringar i

- kva for sektor eller bransje dei skal arbeide i,
- kontakten med styresmaktene, og
- den organisatoriske plasseringa av ei stilling, eit verv eller ei næringsverksemd.

Politikarar skal gi nemnda dei opplysningane ho treng for å gjere vedtak etter lova. Politikarar skal mellom anna opplyse om:

- oppgåver og ansvar i den politiske stillinga eller embetet,
- konkrete saker eller saksområde politikaren har vore involvert i, og som kan vere av betydning for vurderinga
- ansvar og oppgåver i ny stilling, verv eller i eiga verksemd.

Ved overgang til eiga verksemd skal det dokumenterast at verksemda er registrert i Brønnøysundregistrene og har føretaksnummer.

Politikarar skal gi opplysningar til Karantenenemnda minst tre veker før overgangen finn stad, eller før endringar som nemnde i § 5 tredje ledd trer i kraft. Fristen er sett for at nemnda skal kunne gjere vedtak før tiltreding i ny stilling eller verv, oppstart av eiga verksemd eller før endringar trer i kraft.

Dersom fristen ikkje blir halden, kan ikkje tiltreding, oppstart eller endringa bli iverksett som planlagt. Dette vil òg vere eit brot på informasjonsplikta. Brot på karantnelova kan føre til reaksjonar og er omtala i punkt 3.7.

Politikarar gir nemnda opplysningar ved å fylle ut eit standard [meldingsskjema](#), som kan sendast på e-post til karantenenemnda@dfd.dep.no.

3.5 Sakshandsaming

Karantnelova § 3 regulerer sakshandsaminga i nemnda. I tillegg gjeld [forvaltningslova](#).⁶

Karantenenemnda skal gjera vedtak innan to veker etter at nemnda har fått dei opplysningane ho treng for å gjera vedtak. Dette går fram av § 9 i karantnelova og § 1 i forskrifta til karantnelova.

Vedtak frå Karantenenemnda kan ikkje klagast på, sjå karantnelova § 3 andre ledd. Politikarar kan be om ei ny vurdering av saka. Fristen for å be om ei ny vurdering er fem dagar etter at vedtaket er motteke. Nemnda har då ein frist på fem dagar til å gjere ei ny vurdering.

Som part i saka har politikarar rett til innsyn i saksdokumenta, sjå forvaltningslova §§ 18 og 19.

⁶ Lov 2. oktober 1967 nr. 10 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova).

3.6 Godtgjering

Ein politikar som er ilagd karantene får kompensasjon for inntektstapet i form av godtgjering. Dette går fram av karanteneleva § 8.

Godtgjeringa skal svare til løna politikaren hadde ved fråtredinga frå embetet eller stillinga som politikar. Feriepengar kjem i tillegg. Løn eller vederlag for anna arbeid, verv eller oppdrag som politikaren mottok eller tener opp i karantenetida går til frådrag i godtgjeringa, sjå § 8 tredje ledd.

Med verknad frå 1. juli 2025 er det fastsett unntak frå retten til godtgjering i karanteneleva § 8 andre ledd. Unntaka gjeld i tilfelle der ein politikar er ilagd karantene ved overgang til

- eiga verksemd som er oppretta etter tiltredinga i det politiske embetet eller den politiske stillinga,
- eiga verksemd som ikkje tidlegare har hatt reell drift, og
- stilling, verv eller eiga verksemd som utgjer ei bistilling eller eit bierverv.

I karantenetida er politikarar omfatta av ei ordning som svarar til gruppelivsordninga etter hovudtariffavtalane i staten⁷. Gruppelivsordninga er ei eingongsutbetaling til attlevande ved dødsfall.

3.7 Brot på karanteneleva

Ved brot på karanteneleva eller vedtak som er gjort med heimel i lova, kan nemnda gjera vedtak om

- pålegg og tvangsmulkt (§ 18),
- administrativ inndraging (§ 19),
- lovbrotsgebyr (§ 20), og
- stans og tilbakekrevjing av godtgjering (§ 21).

Dersom ein politikar til dømes bryt informasjonsplikta eller ikkje overheld eit ilagt saksforbod kan nemnda gi pålegg om at det ulovlege forholdet skal opphøyra. Nemnda kan fastsetje tvangsmulkt for å gjennomføre eit pålegg innan ein særskild frist. Kapittel 2 i forskrifta til karanteneleva gir føresegnar om storleiken på tvangsmulkt.

Nemnda kan òg vedta å heilt eller delvis inndra inntekt som er oppnådd ved eit lovbrot eller er i strid med eit vedtak som er gjort med heimel i lova (administrativ inndraging).

Desse reaksjonane har så langt ikkje vore nytta.

Karantenenemnda kan ileggje lovbrotsgebyr ved grovt aktlaust eller forsettleg brot på karanteneleva eller vedtak som er gjort med heimel i lova. Kapittel 2 i forskrifta til karanteneleva gir føresegnar om maksimumsbeløp for lovbrotsgebyr.

⁷ [Hovudtariffavtalane i staten 1. mai 2024–30. april 2026.](#)

Når nemnda skal vurdere om lovbrotsgebyr skal ileggjast, skal ho leggje vekt på kor grovt brotet er, graden av skuld, om politikaren har hatt eller kunne ha oppnådd nokon fordel av brotet, den økonomiske evna til politikaren og den preventive effekten.

Frå 1. juli 2025 har nemnda òg heimel til å vedta at ei tilkjend godtgjering skal bli stansa og kravd tilbakebetalt heilt eller delvis dersom ein politikar handlar i strid med eit vedtak om karantene.

4 Saker i 2025

4.1 Oversikt

| Embete/stilling | Dep. | Karantene | Saksforb. | Heimel § | Verksemd | Ny stilling |
|------------------------|-------------|------------------|------------------|--------------------|---------------------------------------|---|
| Statssekretær | SD | - | - | | Varanger Kraft AS | Prosjektleiar berekraft |
| Statssekretær | FIN | 0 | 8 | § 7, § 6 c | Veidekke ASA | Samfunnskontakt |
| Statssekretær | NFD | - | - | | Bjørnflaten utvikling | Eiga verksemd |
| Statssekretær | JD | - | - | (fullmakt) | Eiga verksemd | Landbruk |
| Statssekretær | FIN | - | - | | Helse Nord RHF | Direktør for samfunnskontakt |
| Statssekretær | FIN | 4 | 8 | § 6 a, b og c, § 7 | Eiga verksemd | Advokat |
| Statssekretær | KLD | - | - | | Hoff SA | Styremedlem |
| Politisk rådg. | LMD | 0 | 4 | § 7, § 6 a og c | Norges Bondelag | Rådgivar |
| Statssekretær | DFD | 5 | 0 | § 6 a, b og c | Fagforbundet | Spesialrådgivar |
| Statssekretær | KUD | 0 | 6 | § 6 a, b og c, § 7 | Musikk i Innlandet AS | Styreleiar |
| Statssekretær | KUD | - | - | | Fellesorganisasjonen | Seniorrådgivar |
| Statssekretær | FD | - | - | | Burson AS | Senior Manager |
| Statssekretær | SMK | 6 | 0 | § 6 a, b og c | DNB ASA | Seniorrådgivar |
| Statssekretær | FD | - | 12 | § 7, § 6 a, b og c | Kongsberg Defence & Aerospace AS | VP Public Affairs & Government Relations |
| Statssekretær | NFD | - | 6 | § 7, § 6 a og c | Bodø kommune | Avdelingsdirektør |
| Statssekretær | AID | 0 | 6 | § 7, § 6 a, b og c | Gjensidige forsikring | Seniorrådgivar |
| Statssekretær | SMK | - | - | | Vinmonopolet AS | Direktør for strategisk stab |
| Statssekretær | SMK | - | - | | World Expression Forum | Administrerande direktør |
| Statssekretær | KD | - | - | | Finnmark fylkeskommune | Rådgivar |
| Statssekretær | BFD | 6 | 6 | § 6 a, b og c, § 7 | Fagforbundet | Forbundsadvokat |
| Politisk rådg. | LMD | - | - | | Norsk senter for folkemusikk og -dans | Styremedlem |
| Statssekretær | FD | - | 12 | § 7, § 6 a, b og c | Kongsberg Defence & Aerospace AS | Executive VP Public Affairs and Communication |


4.2 Omtale av saker i 2025

I 2025 hadde Karantenenemnda 22 saker til handsaming. Av desse sakene gjaldt 20 av dei statssekretærar, medan to gjaldt politiske rådgivarar.

Nemnda gjorde vedtak i 21 saker. Sekretariatet avgjorde éi sak etter fullmakt frå nemnda, sidan overgangen vart vurdert som openbert uproblematisk, jf. § 8 i forskrifta til karanteneleva.

Nemnda ila karantene i to saker, saksforbod i sju saker, og begge delar i to saker. Det vart gitt ei etterfølgjande klargjering av saksforboda i to saker. Nemnda fekk éi sak til ny vurdering, men vedtaket vart ståande.

I elleve saker vart det ikkje ilagt restriksjonar.



Alle vedtaka frå nemnda er publiserte på [regjeringen.no](https://www.regjeringen.no). Her finn ein òg årsmeldingar frå Karantenenemnda (2016-d.d.), og dessutan vedtak og årsmeldingar frå Karanteneutvalet (2005-2015).

Sjå under punkt 6 for ei samla oversikt over saksmengda i perioden 2016–2025.

4.3 Om arbeidet i Karantenenemnda

Karantenenemnda har korte fristar for å gjera vedtak. Fristen er to veker frå Karantenenemnda har fått dei opplysningane ho treng for å gjera vedtak. Sakshandsaminga føreset at saka er godt opplyst. Dersom nemnda må hente inn fleire opplysningar frå politikaren, blir fristen forlenga.

Dei fleste sakene blir handsama skriftleg.

Politikarar kan ta kontakt med sekretariatet for Karantenenemnda for rettleiing om karantelova og sakshandsaminga i nemnda. Det er òg utarbeidd ein rettleiar for politikarar.⁸

Nemnda har halde to møte i 2025 – eitt fysisk i Oslo og eitt digitalt. Det vart òg halde eitt møte mellom leiaren i nemnda og embetsverket i Avdeling for statlig arbeidsgiverpolitikk i DFD. I tillegg har det vore jamleg kontakt mellom sekretariatet og leiaren for nemnda, mellom anna om medieførespurnader og om praktiske og administrative saker.

5 Vurderingar frå Karantenenemnda

5.1 Informasjonsplikt

Informasjonsplikta er grunnleggjande for at nemnda skal kunne gjere vedtak etter lova. Nemnda byggjer sine avgjerder på skriftleg informasjon frå politikarar. Supplerande informasjon frå Statsministerens kontor (SMK) og departementa er òg viktig, særleg knytt til utforminga av saksforbod. Nemnda erfarer at dette blir handtert på ein god måte.

Informasjonsplikta inneber at politikarar uoppmoda skal gi nemnda opplysningar om overgangar som er omfatta av lova i ein periode på 18 månader etter fråtreiding. Nemnda har tidlegare handsama fleire saker om brot på informasjonsplikta. Dette er omtala i årsmeldingane for 2021-2024.⁹ Brot på informasjonsplikta rammar ikkje berre politikaren sjølv, men kan òg skape negativ merksemd om rollebyte mellom politiske verv og stillingar utanfor statsforvaltninga.

I 2025 har nemnda fått fleire førespurnader frå politikarar som anten informerer om overgangar som ikkje er omfatta av lova, eller som ber om rettleiing om pliktene etter lova. Dette kan tyde på auka medvit om regelverket og på at politikarar ynskjer å klargjere pliktene sine etter lova før dei tek på seg nye roller. Det kan òg ha samanheng med auka merksemd om lova som følge av endringane i karantelova i år.

5.2 Godtgjering

Ein politikar som er ilagd karantene har rett til godtgjering i karantenetida, med unntak av dei tilfella som er nemnde i karantelova § 8 andre ledd.

Etter karantelova har nemnda ingen oppgåver knytt til godtgjeringsordninga.

SMK har – som den tidlegare arbeidsgivaren til politikaren – ansvar for å utbetale godtgjeringa. SMK har òg ansvar for å gjere frådrag i godtgjeringa med heimel i karantelova § 8 tredje ledd.

Alle vedtaka frå nemnda vert sende til SMK.

⁸ [Rettleiar for politikarar i samband med overgang til ny stilling m.m. utanfor statsforvaltninga](#)

⁹ Årsmeldingar frå Karantenenemnda [2021](#), [2022](#), [2023](#) og [2024](#).

5.3 Saksforbod

Nemnda kan ileggje saksforbod etter dei same vilkåra som gjeld for å ileggje karantene. Saksforbod kan bli nytta som eit alternativ til karantene når det er formålstenleg. Nemnda kan ikkje ileggje saksforbod dersom dette inneber at politikaren blir utestengd frå arbeidsoppgåver som er ein sentral del av stillinga. Dette kan innebere at saksforbodet i realiteten må reknast som karantene, noko som ikkje er tillate.

Eit saksforbod er eit forbod mot at ein politiskar involverer seg i bestemte saker eller saksområde. Nemnda ilegg òg saksforbod som i praksis inneber eit kontaktforbod mot bestemte departement og/eller underliggjande verksemdar. Bakgrunnen for at saksforbod blir ilagt som kontaktforbod er for å redusere mistanke om at kunnskap eller kontaktar blir nytta til fordel for den nye verksemda eller eiga verksemd.

Kontaktforbod mot tidlegare departement og underliggjande eller tilknytte verksemdar kan vere naudsynt for å oppretthalde tilliten til forvaltningas sjølvstende og det politiske systemet. Politikarar har ofte gjennom embetet sitt fått kontaktar i embetsverket som kan bli nytta i ny stilling, verv eller eiga verksemd.

Nokre politikarar blir ilagt saksforbod som omfattar fleire departement. Dette gjeld først og fremst saker der politikaren har sensitiv informasjon om arbeidet i regjeringa som sorterer under fleire departement, til dømes i Finansdepartementet eller SMK.

Meiner ein politiskar at eit saksforbod har for stort omfang, kan hen, innan fem dagar etter å ha motteke vedtaket, be om at nemnda vurderer saka på nytt. Er politikaren i tvil om kva saksforbodet inneber, har hen eit ansvar for å ta kontakt med nemnda for å få ei avklaring. Nemnda vil òg gi avklaringar dersom fristen for å be om ny vurdering har gått ut.

Praksis frå nemnda viser at det er få politikarar som ber om ny vurdering av saksforbod. Nemnda handsama éi slik sak i 2025. I tillegg vart det gitt avklaring av saksforbod i to saker.

5.4 Frist for å gjere ny vurdering

Sakshandsaminga i nemnda tar normalt to veker, inkludert saksførebuing, handsaming i nemnda og etterfølgjande administrativt arbeid. Sakshandsaminga blir forseinka dersom saka ikkje er godt nok opplyst av politikaren.

Dersom ein politiskar ber om ny vurdering av saka, skal nemnda vurdere saka på nytt innan fem verkedagar, sjå karanteneleva § 3 tredje ledd.

Nemnda har tilrådd at DFD vurderer denne fristen, med bakgrunn i at han i praksis kan vere vanskeleg å overhalde.¹⁰ Etter nemnda sitt syn bør fristen bli forlenga for å sikre betre tid for saksførebuinga, mellom anna fordi det kan vere behov for å innhenta meir informasjon. Ein

¹⁰ [Årsmelding frå Karantenenemnda 2024.](#)

forlenga frist vil i større grad sikre at saka blir tilstrekkeleg opplyst, slik at nemnda kan ta forsvarlege avgjerder.


6 Økonomiske og administrative forhold

Karantenenemnda er eit uavhengig forvaltningsorgan som ikkje kan bli instruert i sine vedtak eller få oppgåver som ikkje har heimel i lova. DFD har lovansvaret for karanteneleva.

Karantenenemnda blir finansiert gjennom DFD sitt budsjett. Kostnadane omfattar utvalsgodtgjering til medlemmane i nemnda, i samsvar med administrative satsar fastsette av DFD.¹¹

Sekretariatsfunksjonen blir varetatt av DFD, som har etablert eit sekretariat for nemnda i Avdeling for statleg arbeidsgivarpolitikk i departementet. Medarbeidarane i sekretariatet er arbeidsrettsjuristar, som har denne oppgåva i tillegg til andre oppgåver i avdelinga. På grunn av variasjonen i saksmengda for nemnda frå år til år, har det vore vurdert at det ikkje er tenleg å etablere eit eige sekretariat utanfor departementet.

Saksmengda for nemnda frå 2016 til 2025:



*Auka saksmengd i 2020-2022 skuldast endringar i regjeringa og regjeringsskifte.

Nemnda viser til at informasjonsplikta for politikarar vart utvida med verknad frå 1. juli 2025, sjå omtale i punkt 3.4. Sjølv om det enno er for tidleg å vurdere dei faktiske konsekvensane av den utvida informasjonsplikta for politikarar, er det grunn til å rekne med at det vil føre til auka saksmengd i tida framover. Det må òg reknast med eit auka behov for rettleiing om informasjonsplikta for politikarar. Ei eiga nettside for nemnda, som er omtala i punkt 7, kan

¹¹ [Statens personalhåndbok - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no).

møte eit mogleg auka behov for informasjon og rettleiing, og samstundes gjere slik informasjon meir tilgjengeleg.

7 Innsyn og openheit

Overgangar frå politiske verv til stillingar og verv utanfor statsforvaltninga er av interesse for allmenta. Nemnda er oppteken av å sikre mest mogleg openheit om sakene for nemnda. Alle vedtak frå nemnda er derfor publiserte på regjeringen.no.

Kvar enkelt kan be om innsyn i vedtak frå Karantenenemnda. Førespurnader om innsyn skal rettast til det organet som er ansvarleg for saka, jf. offentleglova § 3 andre punktum. Som eit uavhengig forvaltningsorgan skal førespurnader om innsyn derfor rettast til Karantenenemnda. DFD er klageinstans for avslag på innsyn etter offentleglova.

Karantenenemnda får òg førespurnader frå media, mellom anna om saksmengda i nemnda eller om konkrete saker. Leiaren av nemnda uttalar seg på vegner av nemnda og varetar annan kontakt med media.

Karantenenemnda fekk i 2023 eit eiga digitalt arkiv og offentleg postjournal. Dette var naudsynt for å gjere arbeidet i nemnda heildigitalt med tilhøyrande offentleg journal. Dette har vist seg å leggje betre til rette for innsynsretten etter offentleglova.

I årsmeldinga for 2024¹² gav nemnda uttrykk for eit ynskje om at det blir etablert ei eiga nettside for nemnda. DFD har slutta seg til dette, og det blir no arbeidd med å etablere nettsida. Nemnda ser dette som eit godt tiltak for å leggje til rette for betre tilgjenge til informasjon om nemnda si verksemd. I tillegg vil dette gjere det meir tydeleg for omverda at Karantenenemnda er eit eige forvaltningsorgan.

For å sikre ei meir effektiv saksførebuing og endå betre informasjonstryggleik, har nemnda eit ynskje om at det vert arbeidd for ei heildigital løysing for nemnda sitt arbeid. Karantenenemnda ber om at DFD vurderer ei heildigital løysning som vil gi betydeleg betre informasjonstryggleik. Nemnda viser til at slike løysingar allereie finst i dag, og er enkle å ta i bruk.

¹² [Årsmelding 2024](#).